

ÅRSMELDING 2021

VALLDAL IDRETTSLAG

Styret 2021-

| | |
|-------------------------|---------------------------------|
| • Einar Hoel | leiar |
| • Odd Lennart Vikene | nestleiar |
| • Lars Petter Hauge | kasserar |
| • Monika Høydal Lingaas | skrivar |
| • Ellisiv Valdal Jarvik | styremedlem, ansvarleg klubbhus |
| • Remi Uri-Landsnes | leiar fotball |
| • Magne Eivind Glomnes | leiar friidrett |
| • Jan Ole Fuglem | leiar ski |
| • Oddbjørn Myklebust | leiar trim |
| • Richard Moen | leiar disk sport |
| • Turid Løvoll | 1. varamedlem |
| • Anne Lene Hjelle | 2. varamedlem |

Valldal IL vart også i 2021 prega av koronapandemien gjennom restriksjonar og reglar som var gjeldande gjennom året. Aktivitetar vart redusert eller måtte avlysast. Det som var mogeleg å gjennomføre, var som oftast prega av smitteverntiltak og spesiell tilrettelegging. Kva konsekvensar dette vil få over tid med rekruttering og oppslutning om laget kan vere vanskeleg å fastslå. Tendensen i 2021 er eit synkande medlemstal og mindre engasjement.

Årsmøte - styrearbeid -

Det har vore gjennomført 8 styremøte i 2021 med totalt 48 saker på saklista. Alle styremøte har vore gjennomført på klubbhuset innanfor gjeldande smittervernreglar. 1.varamedlem er alltid innkalla og møter vanlegvis på styremøte.

Årsmøte for 2020 vart gjennomført i april 2021 på klubbhuset. Dette var litt forseinka i høve til vedtekter, men det vart lagt vekt på å halde dette med frammøte og ikkje digitalt.

Medlemmar –

I 2021 var det 221 betalande medlemmar. Det er ein liten nedgang i høve til medlemstal i 2020. Tendens over tid er synkande. Det er ikkje mange år sidan medlemstalet var godt over 300. Det er også grunn til å merke seg at det er ein aktive som ikkje har betalt kontingen, til tross for oppfølging og purringar. Det er betenkeleg og bør vere eit viktig arbeidsområde med oppfølging. Det skal ikkje vere aktive i idrettslaget som ikkje betalar medlemskontingen. Konsekvensen, iflg vedtekten, må vere at dei som ikkje betalar får sletta medlemskapet og ikkje kan delta på organiserte aktivitetar som idrettslaget tilbyr.

Laget brukar Klubbadmin for registrering av medlemskap, innkreving av kontingen og oppfølging av betaling. Gjennom Klubbadmin ivaretok laget også krava om personvern ved registering og handtering av medlemsopplysningar. For nokre medlemmar kan det vere ein ”terskel” å bruke MinIdrett, men det er fullt mogeleg å tilpasse og avtale utsending av medlemsfaktura og framleis vere innanfor regelverket.

Valldal idrettslag har fem æresmedlemmar; Inger Aufles, Hans Martin Gjedrem, Anneli Rem, Lars Ivar Henriksen og Einar Hoel.

Representasjon –

Valldal IL har delteke i dialogmøte for frivillige lag i Fjord kommune
På årsmøte i Fjord idrettsråd møtte Odd Lennart Vikene og Lars Petter Hauge. Einar Hoel er leiar i idrettsrådet

Tre styremedlemmar deltok hausten 2021 på kurset ”Styrearbeid i praksis”. Dette var eit digitalt tilbod frå idrettskretsen fordelt over to kveldar.

Bvgg og anlegg-

I 2021 har det ikkje vore utført store arbeid med anlegg og utbygging. Det meste har dreia seg om drift og vedlikehald.

Anlegg for skiskyting og ski på Grønningsæter-Høghjelle

Dette viser å verte eit krevjande og omfattande prosjekt. Området er ein del av kommunen sin arealplan, og då må det søkjast om dispensasjon frå denne eller lagast eigen reguleringsplan for å etablere eit skiskyttaranlegg. Årsmøte i 2021 vedtok å søkje dispensasjon frå arealplanen. Saka kom opp til politisk behandling i Fjord kommunen i 2022 med positivt vedtak. Likevel er det å usikkert då vedtaket kan verte påklaga av fylkeskommunen eller statsforvaltaren.

Sommaren og hausten 2021 vart det utført arbeid i løypetraseane. Dette vart det opna for i årsmøtevedtaket i 2021. Det er samla inn og gjeve tilsegn om støtte til anlegget på om lag 1,8 mill kr.

Kunstgrasbana

I 2021 vart det utført djuprens og påfyll av granulat i kunstgrasbana av firma TEBE sport. Det var lite granulat i bana så dette var eit heilt nødvendig arbeid for å ta vare på banedekket. Vidare er det viktig å halde jamt tilsyn og vedlikehald med bana.

Klubbhuset

Styret vedtok hausten renovering av garderober og gangen i kjellar. Mykje fliser i garderobene var løsna og dusjar var umoderne. Arbeidet med fliser vart meir omfattande enn først tenkte, men det var viktig å gjere dette grundig når arbeidet vart starta. Dusjar vart stort sett ferdige i 2021 og arbeidet held fram med maling av gang.

Hoppbakkar på Myklebust

Dette er eit arbeid som dreg ut å få gjennomført. Bakkane er ikkje lenger i bruk og er stort sett grodd att. Resterande arbeid med fjerning av stolpar og opprydding står att. Overfor grunneigar er det viktig å få gjort dette

Valldal stadion

På årsmøtet 2021 vart det vedteke å starte arbeid med utgreiing av fast dekke frå friidrettsdelen på Valldal stadion. Dette har diverre ikkje kome i gang.

Ressursgruppa

Gruppa har også i 2021 utført diverse oppgåver ved klubbhuset og på stadion. Det er viktig at denne gruppa får ulike oppdrag dei kan utføre utifrå talet på personar som er tilgjengelege. Valldal IL takkar så mykje ressursgruppa for arbeid som vart gjort i 2021.

Stiar og råser i Valldal

Valldal idrettslag har avtale med kommunen om skilting og rydding av råser i bygda. I dette arbeidet ligg det også å utarbeide ein skiltplan. Det vart oppnemnd ei arbeidsgruppe som så vidt starta arbeide i 2021 og som må arbeide vidare i 2022.

Allidrett

Allidrett, tidlegare kalla idrettskule, vart starta opp hausten 2021. I samband med 100 års jubileet i 2019 fekk idrettslaget lovnad på tilskot frå Sparebanken Møre til formålet og denne er komen til nytte. Tre elevar frå idrettslinja på Stranda vgs har teke seg av instruksjon og leiing og dagleg leiar i idrettslaget har administrert. I tillegg har dei ulike gruppene vore med

med aktivitetar innanfor sin idrett. Om lag 25 barn i alderen 6-9 år melde seg på. Talet har variert, men oppslutninga har jamt over vore bra.

Tilsette –

Olav Løvoll er tilsett som dagleg leiar i 30 % stilling. Dette er ei stilling som skal avlaste styret og også gruppestyrer med ein del oppgåver og vere med å utvikle Valldal idrettslag. Astrid Dale er tilsett som reinhaldar på klubbhuset. Anders Rem utfører ein del forefallande arbeid på klubbhuset.

Det var lønna personar for vedlikehald og stell av kunstgras- og grasbane, og sjåførar til trakkemaskin.

Det vart i 2021 gjort ny avtale med Norddal Reknesakskontor AS. Dette gjev enklare rutiner med bilagshandtering, løpande oppdatert rekneskap og utbetalingar i samsvar med regelverk om godkjenning frå to ulike personar. Nytt system vert teke i bruk for fullt i 2022.

Arrangement -

Det var få arrangement som vart gjennomført i 2021.

Den årvisse marknaden i april vart også i 2021 avlyst. Det vart i staden gjennomført eit ”digitalt” lotteri som gav ei inntekt på om lag 28.000 kr.

Mefjellet opp vart arrangert i juni. 66 deltakarar stilte i konkurranseklassa som også i 2021 gongen vart gjennomført med intervallstart. Mosjonsklassa vart gjennomført med eigenregistrering frå deltakarane. Dette fungerte bra og 78 personar registrerte seg. Det var ikkje overraskande at vinnarane vart Killian Jornet og Johanna Åstrøm, begge internasjonale toppløparar i fjelløp.

Olsokarrangementet i tradisjonell forma vart nok ein gong avlyst. Mosjonsløpa vart gjennomført med Minidilten og Jordbærdilten på programmet. Om lag 140 deltakarar stilte på startstreken, unge og eldre. Av desse deltok 46 i konkurranseklassa med tidtaking. Start og innkomst var lagt til Rådhusmarka for ikkje å få stor samling av folk i sentrum. Dette fungerte bra og kan truleg også vurderast også for seinare arrangement. Løpet gjekk som planlagd og arrangørstaben vart fornøgd med dagen.

Det var gode sponsorinntekter på både Mefjellet opp og det amputerte olsok-arrangementet slik at det også i 2021 vart eit positivt bidrag til økonomien i idrettslaget.

Det offentlege sine ordningar med kompensasjon for avlyste arrangement eller tapte inntekter p.g.a. korona. Valldal idrettslag søkte om og fekk innvilga 136.490 kr i støtte. Dette fordele seg på tapte inntekter for marknad, olsok, skikafe, skirenn og bygdafest på Martin Linge huset. Det siste søkte idrettslaget om på vegne av brukargruppa og 42.250 kroner vart overført til Martin Linge huset/Fjord kommune.

Laurdag 2. oktober var det markering av at idretten opna opp att etter koronapandemien. Det var ”stand” på kai med ulike aktivitetar og servering av kake og saft. Ganske bra oppslutning.

Valldal idrettslag og Valldal helselag samarbeidde om ”Lysmarsj” i slutten på november. Oppslutninga var heller dårlig.

Av andre arrangement som Valldal idrettslag har delteke på og som vart avlyst kan nemnast bygdafest på Martin Linge huset og aktivitetsdag for personar med nedsett funksjonsevne.

Økonomi –

Samla rekneskap for 2021 viser eit negativt resultat på 89.081 kroner. Dette er om lag som vedteke budsjett for året. Hovudlaget hadde eit ei underskot på 113.488 kr. Det er ulike grunnar til det. Etterfylling av granulat i kunstgrasbana vart dyrare enn berekna. Styret vedtok også rehabilitering av garderober og kjellar på klubbhuset som belasta rekneskapet i 2021 med 114.000 kr i 2021. Dette arbeidet vert fullført i 2022 Drift og påkostningar på trakkemaskin medførte stor belastning på skigruppa sitt rekneskap i 2021 og gav eit større underskot enn budsjettet. Øvrige grupper har drift med overskot eller balanse.

Det har vore gode faste inntekter frå kulturmiddlar Fjord kommune, Grasrotandelen frå Norsk Tipping , lokale aktivitetsmidlar, mva kompensasjon i 2021. I tillegg er det gode inntekter frå sponsorar og støttespelarar og leigeinntekt på klubbhuset tok seg også litt opp i 2021

Samla inneståande på konto og i kasse pr 31.12.21 var om lag 2,5 mill kr. Av dette utgjer gåvekonto til nytt anlegg på Grønningsæter/Høghjelle 727.000 kr.

For detaljar til balanse og driftsrekneskap vert det vist til rekneskapet for 2021.

Vi vil takke alle som støtta og hjelpt Valldal Idrettslag også i 2021. Mange firma og andre, både lokalt og i regionen, stiller opp når det er spørsmål om å bidra. Det er også stor grunn til å takke alle som tek på seg verv, leiarar og trenarar, dei som står i kiosk og kafe, dei som organiserer og hjelper til på arrangement og utfører større og mindre oppgåver. Kvar og ein er viktig for at idrettslaget skal fungere.

ÅRSMELDING 2021

VALLDAL IL - DISKSPORT

Styret

- Richard Moen (leiar)
- Terese Jemtegård Moen (kasserar)
- Bjarte Grønningsæter (styremedlem)
- Henrik Engeseth Andersen (styremedlem)
- Linda Frostad Lødøen (styremedlem)

Styrearbeid

Styret har hatt to møter i 2021; 5. mars og 14. september.

Representasjon

Richard deltok på den årlege nasjonale klubbleiarsamlinga i Oslo 6.-7. november.

Tal på aktive og aldersfordeling

Gruppa har 15 registrerte medlemmar. Kjønnsfordelinga er 11 menn og fire kvinner. Vi har ingen i alderen opp til 12 år. Det er to personar i alderen 13-19 år, tre i alderen 20-25 år og ti i alderen 26 år og oppover.

Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald

Vi brukar banen på Jemtegård Feriesenter. Klubben eig 18 utkastskilt, to faste korger, tre flyttbare korger og to utkast. Vi har også eit dobbeltskap på Martin Linge-huset med fangnett, radar fartsmålar og 30 diskar. I tillegg har vi også ei ryddesag og ei teleskopisk greinsaks. Det har blitt utført fleire dognadar gjennom året, i tillegg til vedlikehald vi har gjort individuelt. Den første dognaden var i starten av mai, i forkant av det som var planlagt Vårslepp. Så hadde vi dognad 15., 17. og 19. juni. Elles har det vore mange små dognadar med i hovudsak klipping gjennom heile sesongen.

Arrangement

Vi har gjennomført Vekas runde, Søndagsrunden, Vårslepp, Jemtegård Open og klubbmeisterskap. På Vekas runde gjennomførte 13 personar minimum fem rundar av totalt 52 som prøvde gjennom sesongen. For Søndagsrunden var det 8 personar med minimum 5 rundar av totalt 25. Det var litt spesielt denne sesongen, då vi mista 4 veker/rundar pga. snøskredfare. Vårslepp blei ekstra populær, då den var del av Sunnmørstour, og vi hadde 41 deltakrar. På Jemtegård Open blei det sett rekord med 43 deltakrar. Klubbmeisterskapet var den offisielle avslutninga på sesongen, med pizza og brus i etterkant. Då var ektefellar/kjærastar og barn med. Det kan også nemnast at Richard hadde frisbeegolfkurs med Bygdekvinnelaget 27. mai. Dette sette damene veldig pris på, med mange spektakulære kast og mykje latter.

Aktivitet, trening, konkurransar

Vi har trena måndagar inne i hallen om vinteren, så fremt det ikkje har vore restriksjonar grunna covid. Måndagstreningsane la vi på hylla då utesesongen starta. Det er fleire og fleire tilreisande som er innom og prøvar bana vår. Dei vanlege arrangementa blei gjennomført som før.

Resultat

Eirik Lødøen vann storeslem; Vekas runde, Søndagsrunden og klubbmeisterskapet. Linda Lødøen blei klubbmeister for damer. Elles hadde vi ingen som deltok på Norgescup eller NM denne gongen. Vi var fire som var med på PCS Sula Open utan at nokon kom topp 30. Sander Lødøen har vore den ivrigaste med flest turneringar. Han har også fått prøve seg i turneringar i USA, saman med nokre av dei beste i verda.

Økonomi

Nord-Vest Revisjon AS sponsa oss med totalt 15.000 kroner. Mykje av desse pengane gjekk til Jemtegård Open og Vårslepp, men ein del gjekk også til innkjøp av bensin og utstyr.

Vi søkte og fekk støtte frå Sparebanken Møre på 5.000 kroner til Vårslepp og Jemtegård Open. I tillegg har vi starta med skiltsponsing.

Gruppa hadde per 31.12.20 inneståande på konto 18.076,65 kroner. Vi har hatt kostnadar på 37.766,85 kroner og inntekter på 57.328,00 kroner. Dette gjev eit overskot på 19.561,15 kroner. Vi har per 31.12.21 inneståande på konto 37.682,01 kroner.

Valldal 11.03.22

ÅRSMELDING 2020

VALLDAL IL - FOTBALL

Styret:

- **Remi Uri-Landsnes, leiar**
- **Kathrine Gjerde**
- **Cato Heggen**
- **Jacek Wilchura**
- **Mari Lilleås Johansen**
- **Eirik Lødøen - 1.vara**

Glenn Rongsø og Dagrun Vikesland sitter i valgsnemda.

Anders Rem er dommerkontakt/dommeransvarlig og ansvarlig for anlegg.

Odd Lennart Vikene er trenerkoordinator.

Lars Thomas Håseth er FIKS-ansvarlig

Det har siden forrige årsmøte vært 2 styremøter i VIL fotball. Grunnet koronasituasjonen blei 1 møte arrangert digitalt.

Styrearbeid

*Koronasituasjonen har begrenset aktiviteten i VIL fotball første halvår av 2021.

*Det har vært utført utbedringer på KGB i henhold til nye krav.

*Trenere i VIL har alle fått klær, jakke, bukse, t-skjorte og genser. Styret har vedtatt at trenere får dette annenhvert år.

*Innkjøp av fotballer. Noe trengte fornyelse, og noen måtte kjøpes for å tilfedsstille nye krav.

*Søknader om dispensasjoner

*Det er ikke søkt om å arrangere Tine Fotballskole i hverken 2021 eller 2022

*Overganger er behandlet av ny FIKS-ansvarlig Lars Thomas Håseth.

*Diverse dugnadsarbeid vår og høst.

Aktivitet

Antall medlemmer var i 2021 omtrent likt som 2020. Ca 100 aktive. Vi registrerer en nedgang våren 2022.

Vi har rundt 20 trenere og 7 lagledere. Alle lag har et antall trenere som vi må si oss godt fornøyd med mtp antall spillere.

Vi har 3-4 klubbdommere, ingen kretsdommere.

ÅRSMELDING 2021

VALLDAL IL - FRIIDRETT

Styret-

- Magne Eivind Glomnes, leiar
 - Vibeke Valdal Myeza, nestleiar
 - Jacek Wilczura, kasserar
 - Cathrine Berli, skrivar
-
- Anne Mette Rem har vore varamedlem.

Styrearbeid:

Det har vore eitt styremøte i 2021, elles har det vore kontakt via messenger.

Tal på aktive, aldersfordeling

Det er mange aktive i dei yngste klassane på friidrettscupen. Totalt var det 45 som har delteke på meir enn eitt arrangement i løpet av sesongen. Elles er det nokre aktive ungdomar som har delteke i konkurransar i 2021.

Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald

Det har ikkje vore gjort noko i høve anlegg, drift og vedlikehald i 2021, men det var kjøpt inn noko nytt utstyr til bruk på friidrettscupen.

Arrangement:

Fridrettscupen vart gjennomført med fire cupar på heimebane, også i år med restriksjonar på grunn av Covid19. Nytt utstyr var spennande å prøve, og særlig startblokker på 60 meter var ein suksess. 45 personar fekk samanlagtpremie for deltaking i minst tre cupar.

Mefjellet opp vart arrangert 27. juni med intervallstart på grunn av restriksjonar.

Jordbærdilten og minidilten vart arrangert 31. juli med start og mål på rådhusmarka.

Aktivitet, trening, konkurransar – og resultat

Det har ikkje vore gjennomført organisert trening i 2021. Nokre løparar har delteke på konkurransar på landeveg, terreng eller motbakke.

Økonomi:

Rekneskapen viser eit overskot på kr. 5.140 i 2021.

Kretskontingent, premiar og utstyr utgjør utgiftene. Startkontingent og inntekt frå olsok gjer at det er overskot.

Styret takkar for seg og ønskjer vel møtt på friidrettsbana i 2022.

Valldal 15. mars 2022

Fridrettsgruppa Valldal IL, styret

Magne Eivind Glomnes, Vibeke Valdal Myeza, Jacek Wilczura, Cathrine Berli

ÅRSMELDING 2021

VALLDAL IL – SKI

Styret-

- Jan Ole Fuglem Leiar ,
- Terje Nerhus Nestleier;
- Geir Arne Myren Kasserer,
- Anne Gry Myklebust Styremedlem,
- Juliette Becholdt Styremedlem
- Per Jomar Nerli 1 Vara (møter fast)
- Hans Martin Gjedrem 2 vara

Følgende arbeidsgrupper har fungert siste år

Trakkemaskingruppe

Terje Hoel
Fridjon Døving
Anders Nystuen Valldal
Aksel Indreide
Christopher Schonefeld
Lars Petter Hauge

Anleggsnemnd skiskyting

Jan Ole Fuglem
Per Jomar Nerli
Hans Martin Gjedrem
Anne Gry Myklebust
Einar Hoel

Skikafe/premienemnd

Anne Gry Myklebust Vestre
Juliette Bechtold

Programbladnemnd

Per Jomar Nerli
Linda Gjerde Myren

Treningsnemnd (langrenn/skiskyting)

Per Jomar Nerli
Anne Gry Myklebust Vestre
Tina Fuglem
Jan Ole Fuglem

Tilsynsnemnd Lysløype

Terje Nerhus
Aksel Indreide

Rennavvikling

Anne Gry Myklebust
Jan Ole Fuglem

Nettside

Magne Eivind Glomnes

Sonekontakt

Jan Ole Fuglem

Styrearbeid

Styret har møter etter behov men jobber godt gjennom hele året. Gruppen fungerer fint oppgaver løses fint ved behov. Det er avholdt ett styremøte i løpet av året 2021

Representasjon

Sesongen (høsten) 2021 har Valldal il hatt løpere på kretslag, Storfjordlangerenn, team Nordfjord rekrutt og team Nordfjord.

Kretslag, Laurits Linge Glomnes, Eskil Linge Glomnes 50%, Elida Fuglem 50% Storfjordlangrenn; Heine Fuglem og Vilja Fuglem.

Team Nordfjord Rekrutt ; Silje Nerli

Tema Nordfjord (Styrn VGS) Eline Mathea Myren og Elida Fuglem

Aktive

ca 25 - 30 aktive er på trening fast i topp sesong som er november - mars. Aldergruppe 1 - 10 klasse. På skiskyttetreninger er vi i alt 13 aktive frå 4 klasse og eldre. to aktiv på juniorsida i skiskyting og to i langrenn. Fleire ivrige «birkebeinera».

Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald

Det jobbes for å realisere nytt anlegg for Skiskyting og reservearena for langrenn. Dette arbeidet har fått stor og god oppslutning. Det er gjort noe meir arbeid på løyper og dei fremstår no som mye betre med tanke på dynamikk og tilførsel av vann. Trakkemaskina er i godt vedlikehold og fungerer bra, Skjeldalfres brukes i størst grad høst ved tidlig snø. Det er kjøpt inn noke treningsutstyr dei siste åra. Laget har om lag 20 par skøyteski og 12 par rulleski til utlån. Gruppa eig sju skiskyttervåpen og to skivekikkerter.

Vedlikehold trakkemaskin gjøres på dognad. Vedlikehald lysløype årlig ved behov.

Arrangement

Laget arrangerte 3 cup renn i Storfjordcup, ett sonerenn, SBM cup ble avlyst pga covid pandemi. Sesongen ble amputert med mye av og på ifht covid. Det ble avholdt mange treningsrenn i langrenn og 7 Valldalscuprenn i skiskyting. Valldalsmesterskapet ble avholdt etter påske både i langrenn og skiskyting.

Aktivitet, trening, konkurransar

Det har også i sesongen 2020/21 vore høg aktivitet i laget. Restriksjoner ifbm Covid 19 har ført til litt endring i treninger og samlinger. Vi fikk gjennomført høstsamling/ miljøsamling som planlagt men den ble flytta til Dombås..

Vi startet opp med treninger for 1 klasse og eldre frå skulestart. Første del av høsten består av rulleskitrening/ rulleskileik. Barmarksperioden går frå høstferien til snøen kjem og når vi har snø er det full fart på ski. Styrketrening i MLH ble ikkje gjennomført på etterjulsvinteren pga restriksjoner pga covid 19. Frå skulestart gjennomførte vi normal styrkeøkter inne.

Tirsdager skitrening. Vi har hatt utetreninger gjennom høsten og vinteren. torsdager skiskyttetrening. Deltakere i utvalgte renn, fjarårets tall () .

Midt Norsk langrenn: 0 (1) løper. Avlyst pga covid

Hovedlandsrenn langrenn 0 (1) løper. Avlyst pga covid

Midt Norsk Skiskyting 13 år og eldre 6 (5) løpere
Hovedlandsrenn skiskyting 0 (3) løper, avlyst pga covid
Junior NM Langrenn 0 løpere , avlyst pga covid
Liatoppen skiskyttarfestival ,avlyst (0) for andre året
Ungdomsbirken avlyst (0) deltakere, avlyst
Birkebeinerrennet avlyst (0)deltakere avlyst
NM rulleskiskyting 1 (1)
Antall deltakere frå vil på SF cup ca 55 – 60 løpere frå VIL
Antall startende i SBM cup 11 år og eldre 36 løpere

Resultat

Vi fikk fire gull i Midt Norsk Mesterskap i skiskyting. Gull sprint K17 Eline Mathea Myren, Gull fellesstart Eline Mathea Myren, Sølv Sprint J16 Elida Fuglem, Gull Fellesstart J16 Elida Fuglem, Gull fellesstart G14 Heine Fuglem.

I NM Rullesksikyting fellesstart fikk Elida Fuglem sølv

Økonomi

| Hovudtal | 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
|-----------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Inntekter | 270 494 | 313 972 | 304 703 | 220 878 | 240 175 |
| Utgifter | 311 153 | 273 270 | 367 089 | 141 381 | 290 912 |
| | | | | | 50 737 |

Ved årsavslutninga har gruppa inneståande i bank kr 181 018 drift (98 534) (31.12.20) 727 946.- (anlegg) (pr 31.12.2020 var det 1 052 627)

I tillegg har skigruppa verdiar i trakkemaskin, Skjeldalfres og snøscooter.

Skigruppa har pr 31.12.20 kortsiktig gjeld på kr 40 000.- til hovedlaget. langsiktig gjeld 0.-

”Verd å nemne” – Arbeidet med nytt skiskyteranlegg skrider frem og vi har i dag samlet inn 1 822 000 kroner.

ÅRSMELDING 2021

VALLDAL IL - TRIM

Styret-

- Oddbjørn Myklebust, leiar
- Jürg Barthel, økonomiansvarleg
- Maria Dvergsdal, styremedlem
- Kari Ulvestad, styremedlem
- Øyvor Grue Berdal, styremedlem

- Anne Merete Øybrekken 1. varamedlem
- Ivar Hoel 2. varamedlem

Styrearbeid

- Gjennomførte eit møte utanom årsmøte for å runde av fjelltrimmen og planlegge nyttårsmarsj.

Representasjon -

Tal på aktive, ev aldersfordeling ..

- 38 stk over 16år 20 stk under.

Arrangement

- Det vart gjennomført Fjelltrim, men både sykkeltrim og nyttårsmarsj vart avlyst grunna Covid.

Økonomi

- Resultat 2021: -1.950,- kr
 - På konto per 31.12.21: 63.338,- kr
-

Valldal 31.12.21/24.3.2022

Valldal IL - styret

Einar Hoel

Odd Lennart Vikene

Lars Petter Hauge

Monika Høydal Lingaas Ellisiv Valdal Jarvik

Remi Uri-Landsnes

Magne Eivind Glomnes

Jan Ole Fuglem

Oddbjørn Myklebust

Richard Moen